

## Utviklingsmiddel

### Sluttrapport Lesarhistoria - ny veg til lesaren (Ref #d4acbf19)

---

Tildelt beløp: **1 350 000**

Prosjektlengde: **Treårig**

Kategori: **Innsatsområder**

- Biblioteket som møteplass
- Biblioteket som læringsarena
- Nye formidlingsmetodar

## Opplysningar om søkjar

Organisasjonsnamn / nr

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek / 974570971

Storehagen 1B

6800 Førde

<http://fylkesbiblioteket.sjf.no/>

Ledar av institusjonen

Siri Ingvaldsen

Ansvarleg kontaktperson (søkjar)

Bente Elisabeth Lund

57637951 / bente.lund@sfj.no

## Mål for prosjektet

Målet for dette prosjektet har vore å utvikle formidlingspraksisar med utgangspunkt i barns og unges lesarhistorier. Gjennom prosjektet ville vi auke kunnskapen vår om korleis vi kan skreddarsy formidlinga til den enkelte.

Prosjektet er gjennomført i samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkesbibliotek, folkebibliotek, skular og barnehagar i fem kommunar i Sogn og Fjordane og OsloMet – storbyuniversitetet (tidlegare Høgskolen i Oslo og Akershus). Fylkesbiblioteket har initiert og styrt prosjektet, og forskarar frå OsloMet har fylgt og dokumentert arbeidet. Folkebiblioteket har vore leiar i det enkelte delprosjektet.

Det er samla inn tre typar dokumentasjon:

- barns og unges lesarhistorier
- formidlarane sine forteljingar
- forskaranes og prosjektleiars observasjonar

Prosjektet har tatt utgangspunkt i fylgjande definisjon av lesarhistorie-omgrepet:

«Begrepet leserhistorie brukes for å karakterisere mer enn en leseres kodekompetanse, leseflyt, leseforståelse og forståelsesevne. I en leserhistorie inngår også leserens leseferinger på godt og vondt og metaperspektivet leseren har på egen lesing og leseutvikling. I leserhistorien kartlegges for eksempel holdninger til lesing, lesemodeller eleven har i nære relasjoner, og mulige temaer og sjangrer leseren kan motiveres av. Medievaner og elevens forhold til digitale tekster og sosiale medier kartlegges, i tillegg til elevens bruk av skole- og folkebibliotek. Det dreier seg også om deltakelse i skolens tekstsamtaler og leserens egen språkbruk om lesing og lesestoff (Kåre Kverndokken: Gutter og lesing, Fagbokforlaget, 2013, s. 156).

## Utviklingsmiddel

### Sluttrapport Lesarhistoria - ny veg til lesaren (Ref #d4acbf19)

---

## Rapportsamandrag

### Målgrupper

Bibliotekarar, barnehagetilsette, lærarar, foreldre, barn og unge.

I delprosjekta har vi hatt aldersinndelte målgrupper:

- Bremanger bibliotek og Davik barnehage: barn i alderen 3-5 år
- Gloppen bibliotek og Nordstranda skule: 2. og 3. trinn
- Flora bibliotek og Krokane skule: 5., 7. og 8. trinn
- Sogndal bibliotek og Kaupanger skule: 6. og 7. trinn
- Balestrand bibliotek og Sagatun skule: 8.-10. trinn

### Innhald og aktivitetar

Biblioteka har brukt to skuleår på å gjennomføre aktivitetane og eitt år på planlegging og etterarbeid. Forskjellige typar formidlingspraksisar har blitt utvikla i delprosjekta, med vekt på individuell formidling. Felles for praksisane er at dei på ulike måtar har hatt form av litterære samtalar, anten det er gjennom bokprat, bokmeldingar, brev eller refleksjonssamtalar. For oversikt over innhaldet i det enkelte delprosjekt, sjå vedlegg.

Forskarane har førebudd og stått for gjennomføring av forskingsdelen. Det inneber m.a. å besøke delprosjekta, observere og gi råd undervegs, handsame innkomen dokumentasjon og presentere resultat etter gjennomført prosjekt.

Fylkesbiblioteket har styrt prosjektet. Det inneber m.a.:

- planlegge og gjennomføre prosjektmøte
- observere formidlingspraksisar
- samle inn og systematisere dokumentasjon (brev, loggar, rapportar m.m.)
- organisere møte mellom delprosjekta og forskarar
- organisere fellessamlingar med presentasjonar og foredrag
- inngå og fylgje opp samarbeidsavtalar
- gi råd til deltakarane
- informere om prosjektet
- budsjettstyring og rapportering

Prosjektet har blitt presentert ved fleire høve. M.a. arrangerte vi i november 2017 eit ope seminar om det ved OsloMet.

Resultat av prosjektet (sjå vedlegg for meir informasjon)

- Bibliotekarar og lærarar har meldt om auka engasjement, leseglede og lesedugleik hjå barna.
- Bibliotekarane og lærarane har vorte godt kjende med kvarandre på tvers av profesjonsgrensene, og har fått større forståing av at bibliotek og skule/barnehage har eit felles samfunnsopdrag.
- Lærarane har fått meir inngående kjennskap til litteraturen og formidlingskompetansen som bibliotekarane sit på.
- Bibliotekarane har fått meir kunnskap om kva rammer som gjeld for leseopplæringa og om korleis litteratur blir nytta i skule og barnehage. Dei veit meir om korleis dei skal nå dei unge lesarane.
- Bibliotekarane og lærarane har fått tid til å lese seg opp på litteratur tilpassa målgruppa.
- Gjennom prosjektet er den litterære samtalen vidareutvikla som verktøy i formidlinga.
- Det er opparbeidd kunnskap om korleis nytte ut læringspotensialet som ligg i at

## Utviklingsmiddel

### Sluttrapport Lesarhistoria - ny veg til lesaren (Ref #d4acbf19)

---

større barn les for mindre.

- Deltakarane har lært meir om å forske på eige arbeid.
- Det er utarbeidd planar og malar for korleis bibliotek og skule/barnehage kan samarbeide om litteraturformidling.
- Eit rikt materiale av brev, loggar, elevarbeid og intervju er samla inn og vert nytta i undervisninga til bibliotekarstudentar ved OsloMet og i presentasjonar om prosjektet i ulike fora.

#### Suksessfaktorar

- Gjennomføring av forprosjektet skapte eit godt fundament for hovudprosjektet.
- Ved å fylgje deltakarane over tid har vi kunna gå i djupna på problemstillingar og knytt nærare kontakt. Prosjektkommunane er verdifulle medspelarar i vidare arbeid med lesestimulering og litteraturformidling i fylket.
- Vi forankra prosjektet i fleire fagfelt. Det gav det tyngde og gjorde det relevant for fleire. Ved å kombinere litteratursosiologi, norskdidaktikk og bibliotekforskning fekk vi eit originalt prosjekt.
- Biblioteka måtte sjølv initiere og etablere samarbeidet med skulen/barnehagen. Det har sikra lokalt eigarskap til prosjektet.
- Vi har vore opne for ulikskap og breidde i vår definisjon av lesing og litteratur. Vi har f.eks. ikkje lagt føringar på kva slags type litteratur som skulle formidlast eller hatt ein spesiell type lesar i tankane. Det har gjort prosjektet dynamisk. Det har vore rom for endring og utvikling, samstundes som vi har klart å halde oss til prosjektplanen.

#### Utfordringar

Prosjektarbeid er utviklingsarbeid – ein veit ikkje eksakt kva som skal gjerast før ein er i gang. Det inneber prøving og feiling. Avklaring av forventingar, oppgåver og roller er viktig særleg i denne typen prosjekt, med mange involverte partar. Vi måtte bruke ein del tid i starten på å diskutere korleis vi skulle forstå omgrepet lesarhistorie, samla og i kvart delprosjekt. Det var òg utfordrande å samkøyre aktivitetane i eit så omfattande prosjekt, der prosjektdeltakarane hadde undervisning og andre arbeidsoppgåver som gjekk parallelt.

#### Bruk av prosjektmidlar

Sjå vedlagde rekneskap.

#### Aktualitet og overføringsverdi

Prosjektet har teke utgangspunkt i etablerte formidlingspraksisar og lesestimuleringstiltak, og vidareutvikla desse med mål om å nå dei små og unge lesarane der dei er. Vi har lagt vekt på at barna skulle formidle til kvarandre i tillegg til formidlinga dei vaksne har stått for. Metoden har vore den litterære samtalen i ulike former.

Praksisane har fellestrekk med t.d. lesarsøvis-metodikken, «shared reading» og barnebokbad. Deling av leseopplevingar og refleksjon rundt litteraturen ser vi meir og meir - både i og utanfor biblioteket. Erfaringane frå prosjektet kan kome til nytte i arbeidet med å vidareutvikle litteraturformidling og lesestimulering i bibliotek, skule og barnehage.

#### Vegen vidare

- Vi vil presentere prosjektet på aktuelle konferansar og seminar.
- OsloMet vil publisere ein vitenskaplig monografi om prosjektet (manus i 2018).
- Fylkesbiblioteket vil lage ein publikasjon om prosjektet.
- Fylkesbiblioteket vil leggje ut rapportar frå delprosjekta på heimesidene sine.

## Utviklingsmiddel

### Sluttrapport Lesarhistoria - ny veg til lesaren (Ref #d4acbf19)

---

- Prosjektet vil danne grunnlag for nye tiltak for å stimulere til samarbeid mellom bibliotek og skule/barnehage. Erfaringane tek vi med oss i ny region (Hordaland og Sogn og Fjordane).
- Vi vil fylgje opp nytt prosjekt som byggjer på lesarhistorie-prosjektet ved Gloppen folkebibliotek.
- Fylkesbiblioteket deltek i planlegginga av seminar på Nasjonalbiblioteket om skulerelaterte prosjekt. Her vil lesarhistorieprosjektet bli presentert i lag med andre prosjekt som handlar om samarbeid mellom folkebibliotek og skule.

## Utviklingsmiddel

### Sluttrapport Lesarhistoria - ny veg til lesaren

#### Start- og sluttdato for prosjektet

Prosjektperiode	Frå dato	Til dato
Treårig	01-01-2015	01-01-2018

#### Samarbeidspartnarar

Organisasjon/institusjon	Formell avtale	Rolle
<b>Balestrand folkebibliotek</b> 6899 Balestrand	ja	Samarbeider med Sagatun skule (ungdomstrinnet).
<b>Sogatun skule</b> 6899 Balestrand	ja	Samarbeider med Balestrand folkebibliotek.
<b>Bremanger folkebibliotek</b> 6721 Svelgen	ja	Samarbeider med Davik barnehage.
<b>Davik barnehage</b> 6730 Davik	ja	Samarbeider med Bremanger folkebibliotek.
<b>Flora folkebibliotek</b> 6900 Florø	ja	Samarbeider med Krokane skule
<b>Krokane skule</b> 6900 Flora	ja	Samarbeider med Flora folkebibliotek.
<b>Gloppen folkebibliotek</b> 6823 Sandane	ja	Samarbeider med Nordstranda skule.
<b>Nordstranda skule</b> 6823 Sandane	ja	Samarbeider med Gloppen folkebibliotek
<b>Sogndal folkebibliotek</b> 6856 Sogndal	ja	Samarbeider med Kaupanger skule.
<b>Kaupanger skule</b> 6854 Kaupanger	ja	Samarbeider med Sogndal folkebibliotek. Lærer Elisabeth Aspeseter var med i oppstarten av prosjektet, men Kristin Fossnes tok over rolla som prosjektdeltakar
<b>OsloMet - Storbyuniversitetet (tidligere Høgskolen i Oslo og Akershus)</b> 0130 Oslo	ja	OsloMet er samarbeidspart. Prosjektet har og tilknytning til eit større forskingsprosjektet ved OsloMet, som er nemnd i søknaden.

## Utviklingsmiddel

### Sluttrapport Lesarhistoria - ny veg til lesaren

---

#### Vedlegg

##### Beskriving

---

Rapport frå OsloMet ved Kjell Ivar Skjerdingsstad og Silje Linhart

Omtale av delprosjekta, innhald og resultat

Prosjektregnskap